



Slik ser bandet James 1st ut. Fredag held dei konsert på Ingebrigt Davikhuset i Brattvåg.

Mykje Dire Straits – og litt eige

Dei har spelt saman i åtte år, men helst halde seg litt i bakgrunnen. No er tida inne for egne konsertar.

MUSIKK. Dette bandet har eitt av dei mest forvirrande namna på våre trakter: «James 1st».

Vi har høyrte om James Last. Men han har naturlegvis ingenting med dette å gjere. Det har derimot Erik James Anderson. Vokalist busett i Ålesund. Som nokre år attende skipa sitt fyrste band. James First altså.

Med denne oppklaringa unngjort, kan vi byrje orienteringa

om kva karane faktisk putlar med. Dei er proffe og semiproffe musikarar frå Brattvåg og Ålesund som har bakka opp mange soul- og gospelartistar, og endå til spelt jamleg i Borgundkyrkja. Vi har med allsidige utøvarar å gjere, nemleg.

Heile tida langsmed har gitarist Ketil Strand og tangentmann Kjell Myklebust smidd egne låtar i eit uttrykk inspirert av både pop, rock og fusjon.

Og så har dei denne hangen til å arbeide i prosjektform. Nett no går det i Dire Straits. Somme av gutane er over snittet glade i desse sakene. Så ein tributt-konsert

kalla «Brothers in Arms» kjennest naturleg.

– Eg har blitt svært audmjuk overfor repertoaret, seier trommeslagar Bjørn Skjelten i James 1st.

Sistemann Lars Øverås spelar bass. I lag med Ketil Strand har han grave seg djupt ned i materien, som gamle blodfans gjerne gjer. Resten av bandet har berre ver så god å hengje på.

Til dette prosjektet har James 1st, dessutan toppa laget med gitaristen Sten-Even Holstad og saxofonisten Kjetil Lunde Ingvaldsen.

– Vi presenterer låtar frå pla-

tene Dire Straits (-78), Communique (-79), Making Movies (-80), Love Over Gold (-82), Brothers In Arms (-85) og On Every Street (-91), legg Skjelten til.

– Halvannen time musikk til saman. I tillegg til coverlåtane, vil vi spele litt av vår eigen musikk i konserten på Ingebrigt Davikhuset, kan trommeslagaren fortelje. James 1st. er truleg det einaste bandet som varmar opp for seg sjølve. For dei aktar å dra fem-seks heimespøta låtar i starten. Ting dei praktisk tala ikkje har gjort offentleg før.

– Difor gler vi oss ekstra til denne fredagen. No får også haramsfolket oppleve oss som band. Etter oppvarminga hentar vi inn dei to siste og held fram

kvelden med Dire Straits.

Brothers in Arms-konserten har vore framført både på Stranda og i Teaterfabrikken, der den har fått god mottaking.

– Vi gjer låtane på vår måte. Men alle vil kjenne dei att, seier Bjørn Skjelten.

«Vi gjer låtane på vår måte»

BJØRN SKJELTEN

BJØRN HALVORSEN

bjorn.halvorsen@smp.no